

Visjon  
**Fotball skal vere moro for alle!**

Verdiar  
**K**ompetent  
**I**nkluderande  
**L**agspelar

Gjennom våre målsettingar og verdiar,  
ønskjer me å vere ein viktig samfunnsaktør i Kaupanger.

Ved sykling på offentlig veg, er følgjande utstyr påbode:

- Fram- og bakbrems
- Kvit/Gult lys framme
- Raudt lys og raud refleks bak
- Kvit/Gul pedalrefleks eller refleks på pedalramme
- Signalklokke



Refleksvest bør brukast til og frå trening i den mørke årstida. Refleksvestar bør og brukast av parkeringsvakter ved alle arrangement.



## Trafikksikker klubb



## Kaupanger Fotball Retningslinjer

Kaupanger Fotball er ein viktig samfunnsaktør og skal gjennom haldningsskapande arbeid skape trygge og gode rammer for all aktivitet i klubben. Fokus på trygg transport til og frå trening og kamp er ein viktig del av dette.


Kaupanger Fotball har utarbeida retningslinjer for trygg transport som skal ha førebyggjande effekt. Dersom det skjer ulukker eller alvorlege hendingar har klubben utarbeida beredskapsplan som har fokus på førebygging og korleis me skal handtere kritiske situasjonar.

### Sjekkliste for å bli godkjent som Trafikksikker klubb

- Retningslinjer Trafikksikker klubb. Vedteke av styret og offentliggjort
- Følgjer «God trafikkultur - klubb» på reiser
- Beredskapsplan (enkle retningslinjer når ulukka skjer)
- Parkeringsvakter med vest på større arrangement/kampar
- Informere spelarar, leiarar, trenarar, foreldre og publikum. Retningslinjer på heimeside.

Trafikksikker fotballklubb er eit konsept for å kvalitetssikre klubben sitt tryggleiksarbeid i høve Statens vegvesen sin visjon om 0-drepne og 0-hardt skadde i trafikken.

Å bli godkjent som «Trafikksikker klubb» gjev ingen garanti for at ei ulukke ikkje skjer, men dokumenterer på ein god måte klubben sitt arbeid innanfor trafikktrygging. Fylkestrafikktryggingsutvalet i Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Trygg Trafikk og NFF Sogn og Fjordane er initiativtakarar til prosjektet, og visjonen er 0- drepne og 0-skada i trafikken. Visjonen går att i logoen som er utarbeida for prosjektet.



#### Kva er klubben sitt ansvar?

Klubb og foreldre har eit mål om at idretten skal vere ein trygg plass for barn- og unge. Førebyggjande arbeid, som t.d. fair play, trygg transport til trening og kamp, polititattestar, førstehjelpsutstyr osv. er, og skal vere, ein del av vår fotballkultur. NFF Sogn og Fjordane ønskjer at kvalitetsklubbar og andre klubbmiljø stiller seg bak arbeidet.

## KIL sine retningslinjer

### VED KOLLEKTIV TRANSPORT TIL KAMP/TURNERING

- Bruk fast avtale med buss-/drosje-/leigebilsselskap

### VED PRIVAT KØYRING TIL KAMP, HUGS

- Lagleiar set opp køyreliste med antal bilar slik at spelarane sit samla.
- Kvar reise skal ha ein ansvarleg reisekoordinator.
- Reisekoordinator har ansvar for å kontakte leiar i KIL fotball dersom det skjer uønska hendingar på reisa. Leiar i KIL fotball set beredskap dersom nødvendig.
- Oppmøte er ved Skogly. Dersom bilar skal parkerast der, ta hensyn til Skogly sine arrangement.
- Me køyrer i følgje.
- Me skal alltid bruke bilbelte.
- Me skal ha god tid til kamp.
- Det er lov å seie frå ved uvettug køyring.
- Det er ikkje lov å drive øvingskøyning med andre i bilen

Alkohol/rus/mobilbruk og trafikk høyrer ikkje saman.

### TIL TRENING

- Hugs refleks om du går
- Hugs hjelm
- Lys og refleks bak om du sykklar

På kaupangerfotball.no under fana «Klubbhandbok» finn du klubben sine retningslinjer og beredskapsprosedyre.